

Jo, EU trugar norsk natur!

I eit innlegg i Klassekampen 01.02.2025 set MDGs stortingsrepresentant Rasmus Hansson ny rekord i usaklige åtak på dei som forsvarer norsk natur mot åtak frå EU og norske EU-tilhengarar. Særleg går han til åtak på Raudt, men dette råkar også SV. Slik grev han djupe grøfter mellom parti som til no i mange saker har stått i lag i miljøpolitikken.

Debatten om EU og miljø var sentral foran folkerøystinga i 1994, da Naturvernforbundet og Natur og Ungdom oppmoda til å røyste nei. Grunngevinga var grunnlaget for EU: Ein indre marknad for varer, tenester, kapital og personar. Målet var auka produksjon, auka transport og auka profitt. Dette er stikk motsette mål av miljøørsla sitt ønske om å redusere forbruket og ressursbruken.

Den indre marknaden har fått stadig fleire reglar, bl.a. for miljø. I 1994 hevda tilhengarane at dette bare var minimumsreglar, men det blei snart klart at det også var maksimumsreglar, som sette grenser for kva miljøtiltak ein medlemsstat kan vedta.

EU starta som ei samling av daverande og tidligare kolonimakter, og har heile tida vore ein del av ei urettferdig internasjonal verdsordning, for å halde Europa/Vesten oppe på kostnad av fattigare land i andre verdsdelar. Dette kallar Hansson for "verdens mest anstendige og solidariske politiske prosjekt." Dersom utbytting av fattige land er hans høgaste form for anstendigheit, må det stå ganske dårlig til. EU er ikkje eit prosjekt for solidaritet med dei fattige, men for Festning Europa, som opnar grensene internt, samtidig som resten av verda stengast ute, og bare slepp inn i den grad EU treng varer og arbeidskraft.

Kvifor har Noreg blitt mindre og mindre av det Annleislandet EU-motstandarane snakka om i 1994? Svaret er EØS, som har tvunge Noreg til å bli meir og meir likt EU. I all hovudsak er det EU-tilhengarar som har regjert landet.

Dei dominerande politikarane i Ap og H ønsker ikkje noko Annleisland, men eit land der omsyn til natur, miljø og primærnæringar må virke for kapitalens profitt. Ja, dei går til og med lenger enn EU på dette området, og Noreg er einaste landet i Europa som vil dumpe gruveavfall i sjø og drive gruvedrift på havbotn. Noreg er også det landet i Europa som sterkast har sett seg mot reduksjon i oljeutvinning. Mens ein i 1972 og 1994 med ein viss rett kunne seie Noreg hadde ein betre miljøpolitikk enn EU, er det i dag på fleire område omvendt. Det er dei norske EU-tilhengarane som fører denne politikken, i stor grad med opposisjon frå EU-motstandarar. Gjennom EØS blir vi no pådytta direktiv som vil føre til auka mineralutvinning og auka vindkraftutbygging, og mindre omsyn til natur og primærnæringar. Politikarane i Ap og H ønsker ein slik politikk og tar derfor mot direktiva med glede som ei hjelp til å gjennomføre den politikken dei ønsker. Men er dette MDG sin politikk?

Hansson gjør eit stort poeng av at det også finst EU-motstandarar på ytste høgre fløy og at desse ikkje står for ein god miljøpolitikk. Det er ikkje dei som dominerer den norske EU-motstanden. I Nei til EU sine prinsipp står det:

– *Vi skal selv bestemme over viktige miljøkrav, forbrukervern og vern om folks helse. Disse må gå foran kravet om fri flyt av varer.*

– *Den vestlige verden kan ikke fortsette dagens vekstpolitikk, med et stadig økende ressursforbruk og forurensing. Ved å prøve ut alternativer til dagens økonomi kan en skape bærekraftig utvikling i verdensmålestokk. Norge må ha handlefrihet til å føre en slik politikk.*

Dette er ein langt meir miljøvenlig politikk enn den EU legg opp til, og som Noreg måtte føre som EU-medlem. Med sitt ønske om EU-medlemskap legg MDG opp til eit regime som vil hindre Noreg i å innføre partiet sitt eige program.

I MDG sitt prinsippprogram står det: *Sammen med europeiske institusjoner vil vi bidra til å sikre demokratisk kontroll over økonomien, bekjempe sosial dumping og redusere ulikhet og maktkonsentrasjon.* Problemet da er at på ALLE disse punkta er EU sin politikk den stikk motsette.

Hansson står i kampen for norsk EU-medlemskap i lag med dei to partia som mest konsekvent har vore miljøørsla sin hovudmotstandar i Noreg, Høgre og Arbeiderpartiet. Han stiller ikkje spørsmålet kvifor desse konsekvent miljøfiendtlige partia ønsker seg inn i EU. Det som trugar norsk natur er alliansen mellom EU og dei store miljøfiendtlige partia.

Svein Lund
Guovdageaidnu
Medlem av Naturvernforbundet og Nei til EU

Det er ikke EU som truer norsk natur, det er kameratene til Rødt

Rasmus Hansson

Det var feil første gang, bløff andre gang og er løgn nå. Likevel prøver Rødt for tredje gang å misbruke norsk natur som påskudd for å si nei til EU. Og de gjør det sammen med de minst troverdige kameratene de kan finne. I den norske fylkingen mot EUs Ren Energipakke står Rødt i front sammen med det stokk konservative Senterpartiet og det opportunistiske populistpartiet Fremskrittspartiet. I naturpolitikken har de stikk motsatt analyse og mål for sin EU-motstand av det Rødt har. De frykter EUs høye natur- og miljøambisjoner. Det de sloss mot, er at EU-politikk skal gjøre det vanskeligere å ødelegge klima og natur i Norge. Rødts miljøpolitiske kamerater setter Rødts naturvern-troverdighet i et underlig lys.

Det er slutt på tre og et halvt år med en regjering som gjemte EU-konflikten dypt under den politiske dyna. Nå blir EU en sentral sak. Da må vi bruke tida på de ekte problemene. Påstanden om at det er EU som truer norsk natur bør ut av debatten, for den er falsk.

I 1972 og i 1994 kjøpte mange av oss eventyret om at Annerledeslandet skulle ta bedre vare på natur og miljø enn EU. Alle vet hva som skjedde i praksis. Tretti år med heimkokt norsk naturødeleggelse siden 1994 har vist at det er norske partier og norsk politikk som truer norsk natur. Ikke EU. Mye taler for at mindre natur ville vært ødelagt i Norge hvis ikke Nei-siden hadde brukt makten sin til å stenge EUs naturpolitikk ute fra EØS-avtalen.

Likevel kommer Annerledesgreia opp igjen for tredje gang: I debatten om EUs Ren Energi-pakke hevder særlig Rødt at Norge må redde naturen fra EU. Fra Rødts hjemmeside: «For oss som bryr oss om å ta vare på norsk natur er fornybardirektivet en katastrofe».

Dette er jug, og denne gangen vet også Rødt det. Partiet må mene akkurat hva de vil om EU, men de bør holde seg for gode til å misbruke påstått omsorg for norsk natur som fikenblad for det som bare er Rødts motstand mot EU uansett.

EU-spørsmålet er grunnleggende sett et trosspørsmål. Enten tror man på internasjonalt samarbeid, og er villig til å svelge at det ikke er perfekt. Eller så tror man ikke på det, fordi det alltid er noe som ikke er bra nok.

MDG tror at regionale og globale problemer løses best i solidaritet og samarbeid mellom land. Ikke ved at hvert land er seg selv nok. Derfor bør Norge forplikte seg i EU, verdens mest anstendige og solidariske politiske prosjekt. Om dette har vært diskutabelt før, burde det i hvert fall være opplagt nå, hvor verden virkelig går opp liminga rundt oss.

I tillegg til trosspørsmålet er det også fakta. EUs politikk innen klima, miljø og natur er udiskutabelt verdensledende. Norsk klima- og naturpolitikk vil bli bedre, ikke verre, av å delta i og videreutvikle denne politikken på solidarisk vis sammen med resten av Europa. Derfor er det ekstra problematisk at Rødt kaller fornybardirektivet en katastrofe for norsk natur. Et parti som vil styrke norsk naturvern bør ikke drive ren feilinformasjon om norsk natur og EU.

Formålet med fornybardirektivet er å øke fornybarandelen i Europa for å kutte klimagassutslipp. Det er viktig for all natur. Men det blir fortsatt Norge, ikke EU, som avgjør utbygging av natur til kraftprosjekter. Kommunene beholder retten til å si nei. Det kommer tidsfrist for raskere behandling av konsesjonssaker, men bare i utvalgte områder som vi velger selv hvis vi vil. Sakene behandles fortsatt av oss, og direktivet krever at tidsfristen ikke skal svekke kvaliteten i konsesjonsbehandlingen. Det viktige for naturen er ikke hvor fort saksbehandlingen går, men om utredningene er gode. Her i Annerledes-Norge er de jo slett ikke alltid det.

Det som virkelig truer norsk natur, er et Norge der Rødts politiske kamerater har mye makt og EUs gode natur- og miljøpolitikk fortsatt stenges ute. Norske naturvernere bør sky en slik situasjon som pesten.